

**Fra:** Morten Askvik (Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no)

**Sendt:** 30.05.2018 17:08:45

**Til:** Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde

**Kopi:**

**Emne:** Tilbakemelding/innspeil til Prehospital plan Helse Førde

**Vedlegg:** image001.jpg

Fråsegn til Prosjekt prehospital tenester fase 1

Hyllestad kommune har følgjande fråsegn:

Hyllestad kommune har merka seg følgjande omtalte:

Punkt 4.5

*«I eit fylke som Sogn og Fjordane vil rettleiande responstidskrav og reisetidskrav vere vanskelege eller urealistiske å oppfylle fullt ut, både for kommunar og helseføretak.»*

Denne omtalen er Hyllestad kommune viser det aktuelle biletet no, både for Helse Førde og Hyllestad kommune for prehospital tenester i dag. For Helse Førde er dette godt dokumentert i prosjektet. For Hyllestad kommune gjeld det særleg på kvelds- og natt når tenesten vert utført i innanført samarbeidet i SYS-IKL.

I høve omtalen av kommunane er det å leggje til at det er i dei små randkommunane innan SYS-IKL kor dei relative kostnadane for prehospital tenester gitt av SYS-IKL er høgast. Dette bør ha betydning når Helse Førde gjer vurdering av realismen i kor mykje meir kan ein vente av kommunane knyt til endringa i dei omtalte forskriftene.

Hyllestad kommune vil peike på at opprettinga av SYS-IKL var sterkt influert av Helse Førde, og at Helse Førde skulle stå som garantist for at det var eit forsvarleg tilbod med ambulansetenesta.

Det var eit vesentleg moment i opprettinga av SYS-IKL at det var, og er, ikkje mogleg for ein kommune som Hyllestad å ha døgnbemanning av leger i beredskap åleine. Den situasjonen har ikkje endra seg, og endring i forskrifta vil ikkje endre dette.

Hyllestad kommune peikar på at SYS-IKL i disse dagar vil søke om å ta del i pilotprosjektet for legevaktfeltet. Dette vil ikkje det faktum at behovet for beredskap frå Helse Førde med ambulanseteneste vil minimum vere det same som no.

I utkast til delavtale mellom kommunane og Helse Førde må ein vurdere realismen i innhaldet, sett opp mot dei moment som er lista opp over, særleg sitatet frå punkt 4.5.

I punkt 8.1.1.2 punkt 1 står det:

*«I dette omgrepet inngår at ein skal oppretthalde ei forsvarleg responstid til heile folkesetnaden. I forsvarlegkravet inngår også at alle tilsette held ein fagleg forsvarleg standard, at arbeidstilhøve og arbeidstid er slik at det er råd å utføre oppgåvene på forsvarleg vis samt at teknisk utstyr og infrastruktur held forsvarleg standard.»*

Samstundes vil Hyllestad kommune peike på at det viktig å dei kompetente og fagleg forsvarlege personellet med godt utstyr kjem fram i tide. I punkt 5 står det: «Styret ber om at administrerande direktør i utforminga av mandatet planlegg å utforme ein prehospital teneste som klarer å oppfylle den nasjonale målsetninga, som og Helse Vest har vedtatt, for responstider. Styret ønskjer at Helse Førde ser på responstider samla for foretaket»

Hyllestad kommune vil sterkt oppmode om at krava til responstider vert vurdert ut frå dei ulike kommunane, og ikkje berre ut frå føretaket som heilskap. Tabell 8.2-8.4 viser tydeleg at krava frå styret til responstid ikkje vert oppnådd i dag i tilfredstillande grad.

Helse Førde peikar på tiltaka:

- systematisk oppbygging av akutthjelparordningar i kommunane
- vidare utplassering av hjartestartarar (som AMK har oversikt over)
- helsepersonell i kommunane har hjartestartarar i bilane (til dømes pleie- og omsorgstenesta) og kan varslast av AMK-sentralen.

Hyllestad kommune vil utfordre Helse Førde til å bidra i organsering, trening og finansiering av dei tiltaka.

Elles vil Hyllestad kommune peike på at folkeframskrivinga tilseier at andelen innbyggjarar i Hyllestad som er eldre vil auke. Det må vurderast tungt i når framtidige behov vert analysert og lagt vekt i endeleg plan for prehospitale tenester.

Hyllestad kommune ser ein del positive effekter av kvite ambulansar, særleg knyt til grøn respons og transportoppdrag. Samstundes ser ein ikkje at bruk av kvit ambulanse vil endre behovet for beredskap/responstid knyt til Hyllestad kommune. Totalt kan ikkje den regulære ambulansen «stasjonert lengre vekke» om ein sett inn kvite ambulansar.

Viser elles til høringsfråsegn frå KS.

Morten Askvik

Ordfører

Hyllestad Kommune

57789505

98885997

morten.askvik@hyllestad.kommune.no



**Hyllestad**  
kommune